



ÅRSMELDING
SETESDAL
INTERKOMMUNALT
POLITISK RÅD
2020



PLANARBEIDET SITT HAR FOKUS PÅ UTVIKLING I HEILE AGDER

Dette året har på mange måtar stått i Koronaen sitt tekn. Mange av oss hadde ikkje førestilt oss da statsministeren stengde ned Noreg 12. mars 2020 at vi eit år seinare framleis skulle ha strenge restriksjonar i høve smittevern.

I høve at landet vart stengd ned 12. mars 2020 skapte det stor usikkerheit. Regjeringa/stortinget vedtok ulike ordningar til støtte for næringslivet og arbeidsfolk som vart ramma urimeleg hardt av vedtaket om å stenge ned.

I vår region ramma nedstenginga reiselivsbedriftene tungt. Dei hadde hatt tidenes sesong i 2019 og hadde godt med tingingar for sesongen 2020. Brått vart det slutt, tingingane vart trekte og sesongen 2020 så heller dyster ut. Mot sommaren vart smittevernreglane noko meir lempelege men Noreg var framleis stengd for besøkande frå andre land. Det gledelege var at besøke av innlandsbuande vart formidabelt, og omsetning og besøk gjorde at mange reiselivsbedrifter fekk tidenes sesong. Etter sommaren vart det igjen aukane smitte og strengare smitteverntiltak. Julebordssesongen gjekk i fløyten. Pandemien har vorte mykje seigare enn mange av oss trudde.

Eit lyspunkt opp i alt dette er at dei som driv detaljhandel meldar om god omsetningsauke. Me må håpe at 2020 har endra folks handle- og reisemønster varig, slik at me reiser og handlar meir i eige land.

I styremøte 04.11.2020 avslutta me strategiprosessen me hadde gåande. Styret vedtok i sak 78/20 samrøystes den nye strategiplanen. Hovudsatsingsområda i den nye strategiplanen er:

- Marknadsføre og utvikle Setesdalsregionen som reiselivsdestinasjon.
- Vidareutvikle og styrke kompetansen i regionen.
- Utvikle attraktive og livskraftige bygder.


Hovudsatsingsområda våre vil verte førande for korleis me frametter vil budsjettere og nytte resursane våre. I budsjettet for 2021 vedtok representantskapet tidenes satsing på reiseliv. Visit Setesdal er og vil verte stadig viktigare for reiselivssatsinga hjå oss.

2020 er første år med Agder fylkeskommune. Erfaringa er at det framleis er ein del som må på plass. Korleis forvalte fylkesvegane? Vert det berre fokus på at fylkeskommunen får for lite pengar til vegar, eller klare fylkeskommunen å få overført noko av entusiasmen og kreativiteten frå vegvesenet. Korleis vil fylkeskommunen være organisert på vegsida i vår region? Vil dei være til stades?

I Setesdal har vegvesenet hatt ei ordning i høve vedlikehald av vegane med byggherrestyrte kontraktar (motsette er entreprenørstyret). Byggherrestyret kontraktar gjer at mindre lokale entreprenørbedrifter kan konkurrere om oppdraget og skapar lokale arbeidsplassar. Byggherrestyrte kontraktar er viktig at held fram.

Det er særst viktig at Agder fylkeskommune i planarbeidet sitt har fokus på utvikling i heile Agder og ikkje berre dei mest folkerike områda. Det at fylkeskommunen ikkje ser seg i stand til å kome i gang med Regionplan Setesdal før i 2022 er eit tydeleg signal om korleis fylkeskommunen prioriterer.

I den strategiprosessen som vi i Setesdal har vore igjennom er det gjort mykje arbeid som må kunne nyttast i ei arbeid med Regionplan Setesdal. Vil berre Agder fylkeskommune dra lasset saman med oss, kan vi få til mye godt for regionen.



Steinar Kyrvestad

Leiar, Setesdal interkommunalt politisk råd



INNHALDSLISLE

STYRELEIAR HAR ORDET	3
STYREMELDING	6
ARTEN OG INNHALDET TIL VERKSEMDA	6
FORMALIA - FUNDAMENT FOR SAMARBEIDET	6
FRAMHALD AV DRIFTA	6
ARBEIDSMILJØ	6
LIKESTILLING OG MANGFALD	6
ØKONOMI OG RESULTAT	6
SAKSOMFANG	7
GODKJENNING – ÅRSMELDING	7
ORGANISASJON	8
REPRESENTANTSKAP	8
STYRE	10
OBSERVATØRAR MED MØTE- OG TALERETT	10
RÅDMENNENE I DEI SAMARBEIDANDE KOMMUNANE	10
ADMINISTRASJON – KONTOR	11
RÅDMANNSUTVALET	11
INFRASTRUKTUR	12
REGIONAL UTVIKLING OG SAMHANDLING	15
NÆRING/REISELIV	16
EIGARSKAP	16
ARRANGEMENT	17
NÆRINGSSAKER OG REGIONALT NÆRINGSFOND	17
REISELIVSSAMARBEIDET VISIT SETESDAL	17
REISELIV	17
INTERKOMMUNALT SAMARBEID	18
DET Å VÈRE VERTSKOMMUNE FOR KRAFTANLEGG – KVA RETTAR HAR KOMMUNANE?	18
REGIONALT POLITIRÅD	18
SETESDALSKONFERANSEN	19
PROSJEKT	22
TRE I SETESDAL	22
PROSJEKT – MARA (MOBILITY AND ACCESABILITY IN RURAL AREAS)	22
REISEMÅLSUTVIKLINGSPROSJEKT – RISS	22
STRATEGIPROSESS	24
INFORMASJON OG OPENHEIT	25
ØKONOMI	26
REVISORMELDING	45

STYREMELDING

Styret legg med dette fram årsmeldinga for Setesdal interkommunalt politisk for driftsåret 2020.

ARTEN OG INNHALDET TIL VERKSEMUDA

Setesdal interkommunalt politisk råd er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Bykle, Valle, Bygland, Evje og Hornnes og Åseral. I samband med ny kommunelov vart det vedteke at verksemda skal vere eit interkommunalt politisk råd, organisert i medhald av kap. 18 i ny kommunelov. Setesdal IPR er eit sjølvstendig rettssubjekt. Valle er vertskommune.

Setesdal IPR har som visjon å medverke til at det er godt å bu og drive verksemd i Setesdal. Verksemda har tre strategiske satsingsområde - infrastruktur, interkommunalt samarbeid og næringsutvikling. Sjå også styreleiarar forord og eiga avsnitt «Strategiprosess».

FORMALIA – FUNDAMENT FOR SAMARBEIDET

Visjonsdokument – samarbeidsavtale og nye vedtekter for Setesdal regionråd, vart lagde fram kring årsskiftet 2006-07. Kommunane godkjende og formaliserte fundamentet i 2007.

På ekstraordinært representantskapsmøte 19.06.19 handsama representantskapet sak om endring i samband med ny kommunelov. Det vart også vedteke at styret skal ha to faste styremedlemar og to varamedlemar frå kvar deltakarkommune. Ordførar og bae kjønn skal vere representert blant dei faste styremedlemane.

På ekstraordinært representantskapsmøte 26.08.19 handsama representantskapet søknad frå Åseral kommune om medlemskap i Setesdal regionråd. Åseral kommune vart ny medlemskommune frå 1. september 2019.

I samband med utviding av rådet frå 4 til 5 deltakarkommunar vart det naturleg med ei gjennomgang av visjon og mål for samarbeidet. I styremøte 18.12.19, sak PS 99/19, vart det vedteke å starte ein strategiutviklingsprosess.

FRAMHALD AV DRIFTA

Styret finn at verksemda er driven i samsvar med, og i medhald av, den samarbeidsavtalen og dei vedtaka som gjeld. Styret konstaterer at drifta for 2020 er sikra gjennom formaliserte samarbeidsavtalar med kommunane og øyremerkte midlar frå kommunane til verksemda. Fylkeskommunen medverkar med rammeløyving til regionalt næringsfond.

Fram til 2019 medverka Aust-Agder fylkeskommune gjennom løyving i samsvar med konsesjonskraftavtale med kommunane. For budsjettåret 2020 vedtok Agder fylkeskommune ei ei-gongsløyving som ei overgangsordning. Det er motteke ekstra ressursar frå Interreg Baltic Sea Region knytt til MARA-prosjektet, frå Innovasjon Noreg knytt til reisemålsutviklingsprosjektet «Kulturarvturisme i Setesdal» og frå Agder fylkeskommune til Visit Setesdal.

ARBEIDSMILJØ

Verksemda disponerer tilfredsstillande kontor og nødvendig utstyr. Det har ikkje vore skader på personell eller utstyr i 2020. Verksemda forureinar ikkje det ytre miljøet.

Verksemda er Miljøfyrtårnsertifisert, og gjekk i 2020 gjennom prosessen med resertifisering. Kvalitetssystemet Compilo blei tatt i bruk i 2020, og ein nyttar seg av dei same etiske retningslinjer som vertskommunen Valle har.

LIKESTILLING OG MANGFALD

Aktivitet knyta til likestillings- og diskrimineringslova skal omtales i årsmeldinga som en del av rapporteringsplikten Setesdal interkommunalt råd er pålagt. Med så få tilsette er det ikkje et område det er naudsynt å sette i gong med eigne planar til føremålet, men det er likevel viktige område som ein tilstreber å god praksis på, til dømes ved tilsettingar.

Representantskapet i Setesdal IPR er sett saman av 5 formannskapsrepresentantar frå deltakarkommunane, 13 kvinner og 12 menn. Styret i Setesdal IPR er sett saman av 2 politikarar frå kvar kommune og består ved utgangen av 2020 av 5 menn og 5 kvinner.

Det er 2 tilsette –1 kvinne og 1 mann. Rådmannsutvalet fungerer som valkomité for oppnemning av styrerepresentantar til interkommunale verksemdar. Der legg ein vanlege reglar for likestilling til grunn.

ØKONOMI OG RESULTAT

Styret legg fram rekneskapan for 2020. Rekneskapan er førd i Valle kommune og revidert av Agder kommunerevisjon IKS. Styret meiner at årsrekneskapan gjev eit dekkande bilete av stillinga og resultatet til verksemda. Det er ikkje vesentlege hendingar, eller uvisse, når det gjeld det framlagde resultatet eller rekneskapan for 2020.

Avviket under bevilgningar drift, netto mellom revidert budsjett og rekneskap 6 er ei samlepost, som gjeld ei rekke forhold kring overføringar til/frå andre. Det er mellom anna løyvingar som helt eller delvis ikkje blei utbetalt innan 31.12.20, ei ekstra løyving fra Agder fylkeskommune til Visit Setesdal samt ei mindre auking i samband med løn, som periodisering av løn, premieavvik og sosiale utgifter.

Me har vald å ikkje å budsjettere med moms, sidan det ikkje vil ha ein resultatmessig effekt og det er vanskeleg å budsjettere på da det avhenger av aktiviteten gjennom året. Dette har ført til eit budsjettavvik på refusjonar.

Avviket under *netto avsetning til eller bruk av bundne disposisjonsfond* er også ei samlepost, og gjeld bundne fond, som me har vald å ikkje budsjettere på.

Prosjekta som ligg til grunn for avviket er «Tre-tradisjon-trender», K-14 og ei løyving frå Agder fylkeskommune på kr 200 000,- til Visit Setesdal som ikkje var budsjettert, men som vart løyvd i samband med Korona-pandemien.

Budsjettavvik andre tenester (1270*) skyldas at det har vore meir kjøp av konsulenttenestar enn budsjettert i løpet av året.

Nye strykningsbestemmelsar gjer at ein ikkje stillar opp mindreforbruk i rekneskapet som tidlegare. Ein nemnar likevel at mindreforbruk før stryking er kr 771 356,-, noko som i hovudsak skyldas høgare inntekter til dømes i samband med MARA-prosjektet, bruk av bundne fond som nemnd over og renteinntekter.

Styret godkjenner rekneskapen som framlagt.

SAKSOMFANG

Regionrådet handsama i 2019 101 politiske saker, 59 referatsaker, og 20 drøftingssaker. Det vart fatta 20 delegerte vedtak frå administrasjonen. Regionrådet hadde 7 styremøte og 4 representantskapsmøte.

I tillegg til å gje ordinære høyringsuttalar, engasjerte regionrådet seg i fleire saker med regional betydning; til dømes sesongbase for luftambulans på Hovden, passkontor i Setesdal og Setesdal trafikkstasjon.

GODKJENNING – ÅRSMELDING

I styremøte 28.04.21 vart årsmeldinga handsama og godkjent, jf. styresak PS .../21

Steinar Kyrvestad, AP,
ordfører og styreleiar

Margit Dale,
SP

Jon Rolf Næss, AP,
ordfører

Tone Lise Avdal,
V

Sigbjørn Åge Fossdal, AP,
AP, ordfører og nestleiar

Anne Eikerapen,
H

Svein Arne Haugen,
AP, ordfører

Britt Ingrid Andersen,
AP

Inger Lise Lund Stulien,
AP, ordfører

Jan Arild Bjørndal,
Ap

ORGANISASJON

REPRESENTANTSKAP

Formannskapet, ved 5 representantar frå kvar av dei fem samarbeidskommunane er representantskap for Setesdal interkommunalt politiske råd. For perioden 2019/2021 vart Jon Rolf Næss vald til leiar og Inger Lise Lund Stulien vart vald til nestleiar.

For kommunevalperioden 2019 – 2023 er medlemmene i representantskapet desse:

- Bykle kommune: Jon Rolf Næss, Tone Lise Avdal, Kay Jeiskelid, Anne Karin Blix Grimestad, Kari Nomeland-Strømsøe
- Valle kommune: Steinar Kyrvestad, Liv Tanche-Larsen, Knut Hagen, Georg Sørmo, Margit Dale
- Bygland kommune: Sigbjørn Åge Fossdal, May Britt Stenjor, Anette Skarshaug Skeie, Olav Neset, Signe Berit Sollien Haugå

- Evje og Hornnes kommune: Svein Arne Haugen, Britt Ingrid Andersen, Finn Bjørn Rørvik, Morten K. Haraldstad, Torhild Hornnes
- Åseral kommune: Inger Lise Lund Stulien, Jan Arild Bjørndal, Gro Boge Aasheim, Eirin Åsland Goksem, Jan Stangvik

Dagleg leiar møter med tale- og forslagsrett. Rådmennene møter med møte- og talerett. Fylkesordførar og fylkesrådmann har møte- og talerett.



Bak frå venstre Sigbjørn Åge Fossdal, Steinar Kyrvestad,
Jon Rolf Næss, Svein Arne Haugen Morten Haraldstad.
Foran frå venstre Jan Arild Bjørndal, Margit Dale,
Tone Lise Avdal, Anne Eikerapen, Inger Lise Lund Stulien.
Britt Ingrid Andersen var ikkje til stades da bilete blei teken.

STYRE

For perioden 2019/2021 vart Steinar Kyrvestad vald til styreleiar og Sigbjørn Åge Fossdal nestleiar. For kommunevalperioden 2019 – 2023 er medlemmene i styret desse:

- **Bykle kommune:** Jon Rolf Næss og Tone Lise Avdal
- **Valle kommune:** Steinar Kyrvestad og Margit Dale
- **Bygland kommune:** Sigbjørn Åge Fossdal og Anne Eikerapen
- **Evje og Hornnes kommune:** Svein Arne Haugen og Britt Ingrid Andersen
- **Åseral kommune:** Inger Lise Lund Stulien og Jan Arild Bjørndal

OBSERVATØRAR MED MØTE- OG TALERETT

Agder fylkeskommune:

- Fylkesordførar Arne Thomassen og opposisjonsleiar Gro Bråten
- For fylkesrådmannen har Kristin Tofte Andresen, fylkesdirektør næring, kultur og kulturminnevern møtt

RÅDMENNENE I DEI SAMARBEIDANDE KOMMUNANE

- Aud Sunniva Fuhr – Valle
- Anne Sofie Hornnes (konst.)/ Frantz Are Nilsen – Evje og Hornnes
- Aasmund Lauvdal – Bygland
- Karina Sloth Grindland – Bykle
- Astrid Marie Engelid (konst.)/ Dagfinn Lauvslund – Åseral



ADMINISTRASJON – KONTOR

Valle er vertskommune og kommunehuset er kontorstad. Rita Hansen er tilsett som dagleg leiar i 100% stilling og Runar Granheim var tilsett i 100 % stilling som næringsrådgjevar fram til oktober. Ein har gjennom året hatt sterkt redusert bemanning i administrasjonen som følge av sjukefråvær.

Setesdal interkommunalt politisk råd kjøpar tenester frå Valle kommune, og har tilknytt ei stilling i omlag 40 %. Marie Pedersen har hatt denne rolla gjennom heile 2020. Vertskommunen yter tenester til mellom anna arkiv, økonomi og rekneskap, og kontor med reinhalds- og vaktmeister tenester.

Setesdal interkommunalt politiske råd har og avtalefesta tenestekjøp gjennom Destinasjon Hovden AS for å arbeide med reiselivet regionalt under nemninga Visit Setesdal. Det har og vore temporære tenestekjøp i samband med kurs og kompetansetiltak, arrangementsavvikling og prosjekt mv.

Agder Kommunerevisjon IKS er revisor for Setesdal interkommunalt politisk råd.

RÅDMANNSUTVALET

Rådmennene drøfter aktuelle saker før og etter handsaming av styresaker, i tillegg til anna administrativ samordning mellom kommunane. Rådmannen i Iveland deltek i saker som vedkjem kommunen, t.d. oppfølging av felles interkommunale samarbeid. Dagleg leiar deltek, legg til rette for møta og er sekretariat for rådmannsutvalet. Interkommunalt samarbeid er særleg ivaretekne gjennom rådmannsutvalet si oppfølging av IKS-verksemdene.

Rådmannsutvalet møtes ein gong i månaden.



INFRASTRUKTUR

Nå ser vi etter kvart mål i høve Rv 9 utbygginga. Denne utbygginga starta så smått i 1999. Det var Direktøren på Ullensvang hotell i Hardanger, Edmund Harris Utne, som kontakta Setesdal. Han ønskja eit samarbeid mellom Rv 13/ Hardangerbrua og Rv 9. Storebæltbrua var ferig i 1998. Edmund Harris Utne sitt spørsmål var, korleis få turistane frå Europa framleis til å reise Hirtshals – Kristiansand når målet er Noreg og Nordkapp og ikkje ta Storebæltbrua over til Sverige. Planen vår vart da å lage ein god og ferjefri veg mellom Kristiansand og Bergen.

Hardangerrådet og styret for Hardangerbrua var våre første gode samarbeidspartar. Sidan har det vore mange som i sine periodar har trott til. Rv 9 er eit døme på at det er i saman med andre, ein kan få ting til.

I 2020 har det vore arbeid med den 5 km lange strekninga Besteland – Helle. Dette arbeidet skal være ferdig 2021. Reguleringsplanarbeidet for neste strekning, Rotemo – Lunden, er ferdig og førebuande arbeid er i gang. Det vart løyvd kr 15.mill til starte opp denne vegstrekninga. Byggearbeidet tar til etter ferien i 2021.

Sjølv om kalenderen viste 2021 då nyheita kom, nemnar me det aller gledelegas hittil i år: Rv 9 er med i regjeringa sitt framlegg til Nasjonal transportplan (2022 - 2033) sin første periode med strekninga Byklestøylane – Hartevatn, med eit framlegg på kr 500,- mill. Dette er ei delstrekning på 18 km. I planane er strekninga delt i tre prosjekter.

Det som nå må prioriterast er den einaste gjenståande strekninga gjennom Frøysnes. Dette må me håpe finn si løysing i rulleringa av arealdelen i kommuneplanen i Bygland.





REGIONAL UTVIKLING OG SAMHANDLING

Agder fylkeskommune ved fylkesordfører, opposisjonsleiar og fylkesrådmann møter fast på styremøte og held styret orientert om aktuelle saker. Fylkeskommunen medverka økonomisk til regional utvikling gjennom ein overgangsordning etter opphøyr av avtalefesta løyving frå Konesjonskraftmidlar, med midlar til regionalt næringsfond, samt avsetningar til Rv 9-utbygginga. Fylkeskommunen hjelper Setesdal mykje i oppfølging i aktuelle saker gjennom året, mellom anna sterkt i høve Rv 9- utbygginga.

Agder fylkeskommune vart formelt oppretta ved årsskiftet, og ein har etablert gode arena for samarbeid og dialog både politisk og administrativt.

Hovudmålet med Regionplan Agder 2030 er å utvikle Agder til ein miljømessig, sosialt og økonomisk berekraftig region i 2030 – eit attraktivt lågutsleppssamfunn med gode levekår. Arbeidet med sjølv handlingprogrammet til Regionplan Agder 2030 tok til hausten 2019 og haldt fram utover våren 2020. Regionen var representert i arbeidsgruppa, i lag med fleire andre frå Setesdal.

Regionalt samarbeid er viktig, og Østre Agder regionråd, Lister-rådet og Setesdal interkommunalt politisk råd har etablert gode, faste møtepunkt.

Samarbeidet med Universitetet i Agder har styrka seg gjennom 2020, og har gjeve både konkrete resultat og god basis for samarbeid i åra som kjem.

NÆRING/REISELIV

I november 2020 vart det sett i gong einprosess med å lage eigne vedtekter for regionalt næringsfond og samtidig rigge Setesdal næringsforum som eit formalisert, fagleg nettverk. Arbeidet fortset i 2021.

Næringsforeninga i Kristiansands-regionen og Arendal Næringsforening tok initiativ til å samle alle næringsforeningane i fylket i ein felles allianse. Næringsalliansen i Agder vart formelt skipa hausten 2020. Setesdal interkommunalt politisk råd deltek, i lag med omlag 9 andre aktørar. Målsettinga med å etablere Næringsalliansen i Agder er å knyte næringslivet i regionen tettare saman, og etableringa fekk tilskott av Agder fylkeskommune.

I 2020 gjekk verksemda MORROW ut og inviterte aktørar på Agder til å levere tomteforslag til sin planlagde batterifabrikk. I regionen vår peika eit område på Syrtveit i Evje og Hornnes kommune seg ut, og Setesdal interkommunalt politisk råd leverte inn tomteforslag. Vårt alternativ nådde ikkje opp i konkurransen, men det var likevel ein nyttig prosess for Setesdal IPR både med omsyn til godt samarbeid og verdifull erfaring.



Næringsalliansen i Agder

I saman med fylkeskommunen skipa Setesdal Interkommunalt politisk råd til fleire gründerkurs i 2020. Medan dei fleste blei avlyst i 2019 grunna få påmeldingar, var det godt oppmøte på kursa i 2020 og gode tilbakemeldingar.

Agder fylkeskommune, Østre Agder regionråd, Lister interkommunalt politisk råd og Setesdal interkommunalt politisk råd jobba i 2020 fram ein søknad til Kompetanse Norge om tilskott til «Kompetansepilot Agder – mobilisering til kompetanseheving i distriktene». Søknaden vart imøtekomen, og det tre-årlege prosjektet startar opp i 2021.

EIGARSKAP

Setesdal interkommunalt politisk råd har eigarposter i 3 forskjellige verksemdar slik:

Evjeklinikken Holding AS – Org nr 820 627 732
Ordinære aksjer – Ant 9086 – Andel: 13,715%

LI Setesdal Bilruter – Org nr 915 814 581
Ordinære aksjer – Ant 1330 – Andel: 4,014%

Destinasjon Hovden AS – Org nr 937 024 479
Ordinære aksjer – Ant 5 – Andel: 1,176%

Gjennom 2020 følgde Setesdal IPR opp eigaransvaret sitt i Evjeklinikken Holding AS til dels aktivt.

Setesdal interkommunalt politisk råd har også ein eigarpost i L/L Setesdal bilruter, det same har fleire av kommunane våre. I 2020 bestilte styret ei utgreiing kring eigarskapet. Advokatfirmaet Lund & Co DA utarbeida rapporten, som seinare vart styrehandsama.

Eigarposten i Destinasjon Hovden AS har ikkje medført særskild oppfølging gjennom 2020.

ARRANGEMENT

Setesdal interkommunalt politisk råd si støtteordning for arrangementsutvikling starta opp i 2019, og vart vidareført i 2020. Gode arrangement skapar trivsel, samarbeid og utvikling, og er positive for fastbuande, besøkande og for lokalt næringsliv. Føremålet med ordninga er auka verdiskaping i regionen. Covid-19 pandemien fekk naturleg nok stor innverknad for arrangement; fleire vart avlyst, og nokre utsette. Samstundes var det fleire som skalerte ned og korona-tilpassa planane sine, og ein ser at fleire har nytta høve til å tenkje heilt nytt.

NÆRINGSSAKER OG REGIONALT NÆRINGSFOND

Fylkeskommunen løyvde kr 500 000 frå midlane frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet for 2020. Dei overordna føringane for fondet er slik:

- fleire gode gründerar eller auka nyskaping
- nye arbeidsplassar eller auka sysselsetting
- fleire vekstkraftige verksemdar, auka omsetning, lønsemd, auka verdiskaping
- auka konkurransekraft, produktivitetsforbetringar
- fleire innovative næringsmiljø, eller meir innovative næringsmiljø
- kompetanseutvikling, eller auka tilgang på relevant kompetanse
- auka samarbeid mellom verksemdar, eller med FoU-miljø
- omstilling av Sørlandet til lågutsleppssamfunnet
- internasjonalt samarbeid og internasjonalisering
- likestilling, inkludering og mangfald
- auka omstillingsevne, eller auka innovasjonsevne

Næringsarbeidet omfattar i hovudsak handsaming av regionalt næringsfond og løyvingar finansiert gjennom budsjetttramma. Dei verksemda som fekk støtte i 2020 er lista opp i vedlegg til rekneskapsversikten.

REISELIVSSAMARBEIDET VISIT SETESDAL

Hovudarbeidet er utvikling, gjennomføring og koordinering av marknadsføringa av Setesdal som reiselivsdestinasjon og merkevare. Det blir arbeid med felles profilering på nett og i digitale kanalar. Det blir kjøpt digitale kampanjar, og kvart år blir Setesdalguiden gjeven ut. Som følge av Covid-19 pandemien og fråværet av utanlandske besøkande/turistar, vart fleire tiltak og kampanjar endra og marknadstilpassa gjennom året.

Setesdal er merka som berekraftig reisemål. Kriteriesettet for merkeordninga er i konstant utvikling, og det er trong for eit stadig trykk på arbeidet fram mot neste re-merking i 2022.

REISELIV

Sjølv Visit Setesdal er organisert med eit interimstyre, der dagleg leiar deltek. Prosessen med å finne ein eigna, permanent organisasjonsform pågår. Tenestekjøpsavtalen med Destinasjon Hovden vart i 2019 vedteke vidareført ut 2020. Hausten 2020 handsama styret sak om endringar, som tek til å gjelde frå årsskiftet. Endringane omfattar også leiarfunksjonen i Visit Setesdal. Arbeidet med å effektivere styrevedtaka blei satt i gang vinteren 2020.



INTERKOMMUNALT SAMARBEID

DET Å VÆRE VERTSKOMMUNE FOR KRAFTANLEGG – KVA RETTAR HAR KOMMUNANE?

Setesdal interkommunalt politisk råd arrangerte seminar med advokatfirmaet Lund & Co DA tysdag 3. mars i kinosalen på Evjemoen. Tema for seminaret var det å være vertskommune for kraftanlegg – kva rettar har kommunane? Målgruppa for seminaret var politisk og administrativ leiing i kommunane våre. I tillegg vart andre kommunar invitert med.

Bakgrunn for seminaret var det såkalla kraftskatteutvalet sin rapport (Sanderud-utvalet NOU 2019:16), kor det mellom anna vart tatt til orde for å avvike ordningane som tilgodeser vertskommunane. Utvalet foreslo å kutte i tre skattar som gir inntekter til vertskommunar for vasskraft: konsesjonskraft, konsesjonsavgift og eigedomsskatt. Dette var ei aktuell sak fleire stader på Agder, og på seminaret vart det fokus på både hovudbodskapen i Sanderud-utvalet sin NOU, politisk og økonomisk historie om vasskraft i Setesdal og vasskraftas naturinngrep.

REGIONALT POLITIRÅD

I samband med styremøtet i 4. november 2020 vart det gjennomført årleg politiråd.

Politimeister Kirsten Lindeberg og medarbeidarar møtte. SLT-koordinatorar vart i tillegg invitert, og hadde eigne innlegg i møtet. Tema som vart belyst var mellom anna dagens kriminalitetsbilette og regionale utviklingstrekk, vald i nære relasjonar i eit førebyggjande perspektiv og kva politi og kommunar gjere for å førebygge og avdekke vald i nære relasjonar.

Årets politiråd vart det siste kor politimeister Kirsten Lindeberg deltok av di ho går av med pensjon.

Politimeister Kirsten Lindeberg vert takka av, og fekk helsing og blomar frå styreleiar i samband med at ho går av med pensjon.



SETESDALSKONFERANSEN

Setesdalskonferansen er meint å vere ein arena for inspirasjon og ein møteplass for leiarar i private bedrifter og i det offentlege. Setesdalskonferansen 2020 vart opphøveleg planlagt hausten 2020. Ein konferansekomité med representantar frå det private næringsliv vart etablert, og det vart inngått avtale med konferansier. Som følge av Covid-19 pandemien og konsekvensane av naudsynte smittevernrestriksjonar tok ein til sist ei avgjerd om å utsette konferansen til 2021.

Både konferansekomité og konferansier blir med vidare i 2021.





ARNE THOMASSEN



JAN ARILD BJØRNDÅ

KLOKE ORD PÅ STYREMØTE



INGER LISE LUND STULIEN



STEINAR KYRVESTAD



DAG HOVDÉN REVSNES



JARLSBY



SIGURD LANGEID



SIGBJØRN FOSSDAL





KIRSTEN LINDEBERG



MANUEL BIRNBRICH



JON ROLF NÆSS



KRISTIN TOFTE ANDRESEN



RITA HANSEN



SVEIN ARNE HAUGEN



LINE HÅBERG



MARIE J. PEDERSEN



MARGIT DALE



VEGARD NILSEN

PROSJEKT

TRE I SETESDAL

“TRE i Setesdal” er eit mobiliseringsprosjekt innan tresatsing i regi av Setesdal interkommunalt politisk råd med støtte frå Agder fylkeskommune og Fylkesmannen i Agder. Gjennom prosjektet har ein mellom anna kartlagt alle bedrifter knytt til trenæring i kommunane våre.

Gjennom arbeidet har ein mellom anna ønskt å:

- Auke fokus på og kompetanse om bruk av tre som byggjemateriale, både overfor private utbyggjarar, offentlege utbyggjarar, politikarar og byggjenæringa sjølv.
- Leggje til rette for nettverksbygging og kompetanseutveksling mellom aktørar i trenæringa.
- Leggje til rette for betre synleggjering av bedrifter innan trenæringa i Setesdal og Åseral.
- Informere unge om jobbmoglegheiter og utdanning knytt til trenæringa.

Prosjektet vert avslutta 15. januar 2020 med konferansen «TRE i Setesdal». Me inviterte trenæringa, offentlege og private utbyggjarar, politikarar, kommuneadministrasjon og andre interesserte. Over 100 deltakarar var med på konferansen, som blei arrangert i laftehallen ved Setesdalsmuseet på Rysstad.



Den nye nettsida - treisetesdal.no - vil leve vidare i samarbeid med næringa.

PROSJEKT – MARA (MOBILITY AND ACCESABILITY IN RURAL AREAS)

Setesdal interkommunal politisk råd er deltakar i EUs Interreg program MARA. Hensikta med programmet er å belyse dagens utfordringar i forhold til mobilitet og tilgjengelegheit i rurale strøk, vise til moglege endringar av dagens situasjon og vurdere nye innovative løysingar. Programmet hadde oppstart i januar 2019 og skal avsluttast i september 2021. Det er 12 partnerar frå 9 land med i prosjektet.

På grunn av den pågåande pandemien har fleire aktivitetar i prosjektet blitt avlyst og/eller utsett, noko som har hatt konsekvensar for prosjektets framtid og innhald. Programmet er vedteke forlenga av Interreg med 3 månader.

Partnarmøter har vært digitale, og det er gjennomført mange digitale møter med forskjellige interessentar for å forankre prosjekta så godt som mogeleg og for å sikre vidare utvikling av prosjektet.

På bakgrunn av analyse og innspel frå mange av interessentane i forbindelse med mobilitet i Setesdal er det laga ein rapport for dagens situasjon for mobilitet i Setesdal. Rapporten vil inngå i sluttrapporten for heile prosjektet hausten 2021.

Det er gjennomført ein innbyggjarundersøkelse i prosjektet. 15% av innbyggjarane i Setesdal svarte på undersøkinga. Svare er analyserte, og analysen har gjeve mange interessante svar som kan danne grunnlag for det vidare arbeidet med å forbetre mobiliteten i regionen vår.

Det er utarbeidd ein beskriving av korleis eit pilotprosjekt for bruk av el-syklar kan implementerast i regionen vår. I forbindelse med dette har ein kartlagt tilbydarar av eit el-sykel nettverk, og fleire løysingar har vore analysert og vurdert.

Det er avhalde fleire møter med moglege interessantar og det er arbeidet med korleis eit el-sykkel system i Setesdal kan finansierast, både i forhold til offentleg finansiering og privat finansiering. 10 reiselivsbedrifter har i samarbeid med Setesdal interkommunalt politisk råd søkt om midlar for å lage ein moglegeheitstudie av korleis eit el-sykkel system kan brukast av reiselivsnæringa.

Prosjektleiinga og representantar frå Åseral, Bygland, Valle og Evje og Hornnes kommune var i august 2020 på ein studietur til Stavanger. Formålet med studieturen var å sjå nærmare på systemet for el-syklar som det fylkeskommunale mobilitetsselskapet Kolumbus driv i Rogaland. I løpet av studieturen fekk me eit godt innblikk i korleis systemet er bygd opp, kva slags nettbaserte løysingar som brukast og korleis desse fungerer, samt innblikk i drift og vedlikehalds-utfordringar. Me fekk også prøvd oss sjølve på ein el-sykkeltur. Vidare framdrift går ut på å finne ei løysing på korleis innkaup og drift kan finansierast og så gjere eit val på kva slags system me ønskjer å nytte oss av. Ønska oppstart av dette systemet er i løpet av 2021.



REISEMÅLSUTVIKLINGSPROSJEKT – RISS

For å få ein godt forankra prosess i utviklinga av reiselivsprodukt relatert til kulturarven i Setesdalsregionen, søkte Setesdal interkommunalt politisk råd om støtte frå Innovasjon Noreg til eit såkalla RISS prosjekt. RISS er en del av Innovasjon Noregs verktøykasse Nasjonal kolleksjon, og er ein metodikk kor tenestedesign er sentralt, og brukaren er i sentrum når nye konsept skal utviklast.

Hovudmålet med prosjektet er å utvikle eit sett med produktkonsept og historier som posisjonerer Setesdalsregionen som ei unik, berekraftig reiselivsdestinasjon innanfor kulturarvturisme og opplevingar.

Setesdal interkommunalt politisk råd er prosjekteigar, og har etablert både prosjekt- og styringsgruppe kor ein rekke forskjellige aktørar og ressurspersonar deltek. Prosjektet er finansiert med midlar frå Innovasjon Noreg og Setesdal interkommunalt politisk råd. Egde Consulting er vald til å gjennomføre tenestedesign-delen av prosjektet.

I desember 2019 ble utøving av song, spel og dans i Setesdal listeførd på UNESCOs verdsarvliste for immateriell kulturarv. I søknaden til Innovasjon Noreg ble det poengtert at prosjektet ikkje berre skulle omhandle utøving av song, spel og dans, men også inkludere kulturarv som handverk, handarbeid og byggeskikk, folkedrakter, historier og myter, mat og drikke, folkeliv og språk mm.

Hausten 2020 ble det gjort et omfattande intervjuarbeid for å kartlegge produkt og historier i Setesdal som kan utviklast/vidareutviklast til berekraftige reiselivsprodukt. Målet er at ideane og historiene skal lede til 4-5 kjerneforteljingar og i det vidare arbeidet skal disse kjerneforteljingane vidareforedlast til produkt og/eller tenester som skal kunne leverast til definerte kundegrupper/turistar.

Arbeidet fortsetter i 2021.

STRATEGIPROSESS

I styremøte 18.12.19, sak PS 99/19, vart det vedteke å starte ein strategiutviklingsprosess.

Milepælar i strategiprosessen har mellom anna vore to strategisamlingar for representantskapet i Setesdal IPR. I løpet av strategiprosessen la ein opp til opne, tillitsbaserte, diskusjonar kring meir konkrete satsingsområde og såkalla fyrtårn under dei einskilde hovudsatsingsområda. Det har vore naudsynt å tilpasse prosessen og framdrifta situasjonen som oppstod med Covid-19.

Ein har nytta seg av prosessretteleiar i strategiarbeidet. Styreleiar, nestleiar dagleg leiar og prosessretteleiar har fungert som arbeidsgruppe.

Ny strategi vart vedteke 04.11.20, sak 78/20. Det vart også vedteke å utarbeide ny samarbeidsavtale og organisere høveleg prosess på konkretisering av strategien, prioritering av målsetjingar og tiltaksplan.

Strategien i eit nøtteskal:

FORMÅL OG ROLLER	RESSURSER OG MOGLEGHEITER	VISJON OG HOVUDMÅL	STRATEGIAR
<p>FORMÅL: Setesdal interkommunalt politisk råd (IPR) har som formål å utvikle Setesdalsregionen</p>	<p>REGIONENS FORTRINN:</p> <ul style="list-style-type: none">• Natur• Kultur• Rein energi	<p>VISJON: Setesdal er Agder sitt grønne hjarte</p>	<p>STRATEGI 1: Markedsføre og utvikle Setesdal som reiselivsdestinasjon</p>
<p>ROLLER:</p> <ul style="list-style-type: none">• Markedsføre regionen• Vere ein pådrivar for regional utvikling• Samordne og ivareta regionens interesser	<p>GLOBALE MEGATRENDER</p> <ul style="list-style-type: none">• Digitalisering• Det grønne skiftet	<p>HOVUDMÅL: Levande og inkluderande lokalsamfunn i ein vekst- og berekraftig region</p>	<p>STRATEGI 2: Vidareutvikle Setesdalregionen som ein kompetanseregion</p>
	<p>VERDIAR FOR SAMARBEIDET</p> <ul style="list-style-type: none">• Tillit• Openheit• Nytenkande		<p>STRATEGI 3: Utvikle attraktive og livskraftige bygder</p>

INFORMASJON OG OPENHEIT

Styremøta vart som hovudregel «streama» og kringkasta på radio. Valle radio står for det tekniske og praktiske, og opptak blir lagt ut på nettsida i etterkant.

Setesdal IPR er tilstade i sosiale media med eiga facebook-side. Som offentleg verksemd reknar ein likevel nettsida som hovudkjelde til informasjon. I 2020 starta ein prosess med å ta innsynsløysinga vår et skritt vidare, og kunne publiserefulltekstdokument i offentleg journal.

BEVILGNINGSOVERSIKT

DRIFT

	NOTE	REGNSKAP 2020	REGULERT BUDSJETT	OPPRINNELIG BUDSJETT	REGNSKAP 2019
4 Andre generelle driftsinntekter		0	0	0	0
5 Sum generelle driftsinntekter		0	0	0	0
6 Sum bevilgninger drift, netto		-2 772 116	-2 161 680	320 000	-1 600 850
7 Avskrivninger	4	250 023	250 000	250 000	250 023
8 SUM NETTO DRIFTSUTGIFTER		-2 522 093	-1 911 680	570 000	-1 350 827
9 BRUTTO DRIFTSRESULTAT		-2 522 093	-1 911 680	570 000	-1 350 827
10 Renteinntekter		-185 684	-120 000	-120 000	-185 316
11 Utbytter		-133 906	-134 000	-200 000	-200 394
12 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler 0		0	0	0	
13 Renteutgifter		430	0	0	0
14 Avdrag på lån	12	0	0	0	0
15 Netto finansutgifter		-319 160	-254 000	-320 000	-385 710
16 Motpost avskrivninger		-250 023	-250 000	-250 000	-250 023
17 NETTO DRIFTSRESULTAT		-3 091 276	- 2 415 680	0	-1 986 560
Disponering eller dekning av netto driftsresultat					
18 Overføring til investering		5 970	6 000	0	0
19 Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	7	-95 730	0	0	-726 008
20 Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond		4 068 607	3 297 251	0	3 447 839
Bruk av tidligere års regnskapsmessige mindreforbruk		-887 571	-887 571	0	-735 271
21 Dekning av tidligere års merforbruk		0	0	0	0
22 SUM DISPONERING ELLER DEKNING AV NETTO DRIFTSRESULTAT		3 091 276	2 415 680	0	1 986 560
23 Fremført til inndecking i senere år (merforbruk)		0	0	0	0

BEVILGNINGSOVERSIKT DRIFT - BUDSJETTOMRÅDER

	REGNSKAP 2020	REGULERT BUDSJETT	OPPRINNELIG BUDSJETT	REGNSKAP 2019
Bevilgning drift, netto budsjettområde xxx	-2 772 116	-2 161 680	320 000	-1 600 850
Overføring til investering				
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond				
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond				
